

SYLTEBØEN BARNEHAGE



ÅRSPLAN 2024/2025

Generell del



Innhold

Litt om barnehagen.....	5
Kontaktinformasjon	5
Styrrar:	5
➤ Ruggå: tlf:	5
➤ Valldøla: tlf:	5
➤ Syltefjellet: tlf:	5
➤ Vardefjellet tlf:	5
Barnehagen si opningstid:	6
Måltid i barnehagen.....	6
FORELDRESAMARBEID	7
Den daglege kontakta	7
Foreldresamtaler:	7
Foreldremøte	7
Foreldreråd	7
Samarbeidsutval	7
FORMÅL, VERDIGRUNNLAG OG VISJON	8
Barnehagens formål – Barnehagelova	8
Visjon	9
Barnehagens verdigrunnlag	9
PLANVERK	10
Rammeplan	10

For heile rammeplanen:	10
Lokal rammeplan for Fjord kommune	10
Årsplan	10
Månadsplan	10
Plan for overgang mellom barnehage og skule	10
Teieplikt.....	11
Politiattest.....	11
Opplysningsplikt	11
Tidleg innsats	11
Samarbeidspartnerar.....	11
NY I BARNEHAGEN OG OVERGANGAR.....	12
Når barnet startar i barnehagen	12
Besøk i barnehagen/Oppstartssamtale	12
Tilvenning ved oppstart.....	12
Overgangar i barnehagen	13
Overgang mellom barnehage og skule	13
BARNEHAGENS INNHALD.....	14
Omsorg	14
Leik	14
Danning	14
Læring.....	15
Miljø	15

ÅRSHJUL.....	16
FAGOMRÅDA TIL BARNEHAGEN	17
Kommunikasjon, språk og tekst	17
Kropp, rørsle, mat og helse	18
Kunst, kultur og kreativitet	19
Natur, miljø og teknologi.....	20
Mengd, rom og form.....	21
Etikk, religion og filosofi	22
Nærmiljø og samfunn	23
PLANLEGGING, VURDERING OG DOKUMENTASJON.....	24
Planlegging.....	24
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske til tilbudet for barn som treng ekstra støtte.....	24
Progresjon	24
Digital praksis.....	25
Vurdering	25
Dokumentasjon.....	25
KOMPETANSEUTVIKLING: Rekomp og kompetanseløftet.....	26
BARNEHAGERUTE FJORD KOMMUNE 2023-2024.....	27

Litt om barnehagen

Syltebøen barnehage er eit utspring av den foreldredrivne Sylte korttidsbarnehage. Hausten 1989 var den nye kommunale to-avdelings barnehagen i Valldal klar til bruk.

Barnehagen fekk midlertidig namnet Valldal barnehage.

Ved den offisielle opninga 19. mai 1990 fekk barnehagen namnet den har i dag. 19. mai 2006 opna den 3. avdelinga – Ormula. Frå august 2009 vart det oppretta ei fjerde avdeling i tidlegare Fjørå skule. Den vart nedlagt i 2016. Det vart då oppretta ei brakkeavdeling. Frå 2017 og fram til våren 2022 har barnehagen består av tre avdelingar; småbarnsavdelinga Ormula og aldersblanda avdeling Valldøla, og Syltefjellet for dei eldste barna. Frå januar 2021 fekk også barn frå Liabygda tilbod om barnehageplass i Fjord kommune. I april 2022 tok vi i bruk Elvetun som ei midlertidig avdeling, då det ikkje lenger var nok plass på dei eksisterande avdelingane. Frå hausten 2023 blei Elvetun avvikla og det vart oppretta avdeling i sosialrommet på Martin Linge-huset. Denne vart brukt av dei eldste barna i barnehagen. Hausten 2024 tok vi i bruk to nye avdelingar i det nye modulbygget. Ei midlertidig løysing fram til heile barnehagen skal renoverast.

Kontaktinformasjon

Styrar: Torill Brastad:

Tlf: 41867881

E-post: torill.brastad@fjord.kommune.no

➤ Ruggå: tlf: 41867879

➤ Syltefjellet: tlf: 41867877

➤ Valldøla: tlf: 41867878

➤ Vardefjellet tlf: 41867882

Barnehagen si opningstid:

Barnehagen opnar kl. 07.00 og stenger 16.30.

Måltid i barnehagen**Frukost:**

Frå kl. 08.00 – 08.45

Om du skal ha frukost i barnehagen, så kom før 8.30.

Ta med matpakke. Det blir servert mjølk og vatn.

Lunsj:

Ca kl. 11.00

Vi serverer lunsj med variert pålegg og grønnsaker.

Det blir servert mjølk og vatn.

Vi har varmlunsj kvar veke.

Frukt:

Ca. kl.14.00

Det blir servert frukt kvar dag. To dagar i veka får dei tilbod om yoghurt.

Kva dagar det blir servert yoghurt varierer frå avdeling til avdeling. Dei dagane dei ikkje får yoghurt får dei tilbod om knekkebrød.



FORELDRESAMARBEID

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med barna sin heim ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal grunngi vurderingane sine overfor foreldra og ta omsyn til kva foreldra meiner. Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet.

Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Både foreldra og personalet må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat å forvalte

Den daglege kontakta

Eit av dei viktigaste samarbeidsområda mellom barnehage og heim skjer i den daglege kontakta i hente- og bringe-situasjonar. I desse treffpunkta vert informasjon angående barnet utveksla frå både foreldre og barnehagen si side.

Foreldresamtaler:

Pedagogisk leiar på barnets avdeling kallar normalt inn til to formelle foreldresamtalar i året; ein på hausten og ein på våren. Vi ynskjer å ha eit tett og to vegs samarbeid og vil gjerne at de tek kontakt når behovet for ein samtale oppstår. De treng ikkje vente til de blir innkalla. På same måte vil vi i barnehagen ta kontakt om vi kjenner vi har behov for det.

Foreldremøte

Det vert kalla inn til foreldremøte i barnehagen minst ein gong i året – eit felles møte for alle foreldre og tilsette på hausten. Foreldremøte er i hovudsak informasjonsutveksling mellom barnehage og heim og tema som angår alle barna i barnehagen. Innimellom vert helsesøster, PPT, barnevernstenesta, skulen eller andre invitert for å halde foredrag om aktuelle tema.

Foreldreråd

Foreldra til alle barna i barnehagen er med i barnehagen sitt foreldreråd. Dette formelle organet skal gje alle foreldre medverknad på barnehagen si verksemd. Foreldrerådet vel ein representant frå kvar avdeling som deltek i barnehagen sitt samarbeidsutval. Foreldrerådet står som arrangør av til dømes julegrantenning i barnehagen.

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Utvalet består av ein foreldrerepresentant frå kvar avdeling, ein personalrepresentant frå kvar avdeling og to representantar frå kommunestyret. Styrar fungerer som sekretær og sakshandsamar. Utvalet skal først og fremst ivareta samarbeidet mellom barnehagen og føresette.

FORMÅL, VERDIGRUNNLAG OG VISJON

Barnehagens formål – Barnehagelova § 1

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanetisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi.

Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

For heile paragrafen: [Trykk her](#).

Barnehagens verdigrunnlag

God barnehagekvalitet har sammenheng med høg etisk standard. Personalet i Syltebøen barnehage arbeider for å utvikle eit felles sett av verdiar og haldningar som skal være retningsgjevande for våre handlingar og arbeidsmåtar i møte med barn, foreldre, medarbeidarar og elles andre.

Omsorg, leik, danning og læring skal bygge på og fremje felles grunnverdiar. Verdigrunnlaget skal ligge til grunn for barnehagen si verksemd. Verdiane er mål vi skal styre mot, og dei kriteria vi skal bruke i ulike vallsituasjonar. Viktige verdiar for oss er menneskeverd, omsorg, respekt, tillit, likeverd, rettferd, fellesskap og inkludering.



Visjon

Syltebøen barnehage

«Saman i leik, undring, meistring og læring»



PLANVERK

Rammeplan

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver er ei forskrift til lov om barnehagar. Målet med rammeplanen er å gje styrar, pedagogiske leiarar og resten av personale ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd. Rammeplanen gjer greie for barnehagen sitt samfunnsmandat og innhaldet skal synleggjerast i årsplanen til barnehagen.

For heile rammeplanen:
[Trykk her.](#)

Lokal rammeplan for Fjord kommune

Lokal rammeplan for Fjord kommune har som mål å knyte barnehagane saman gjennom nokre felles satsingsområder. Dette for å ha felles målsetningar og kunne samarbeide om kompetanseheving og kurs. Dette er ein plan som får ei varigheit på 4 år og etter det blir evaluert og revidert. Planen skal vere i samsvar med Fjord kommune sin opplæringsplan og Sunnmøre regionråd si kompetansesatsing. Planen som gjeld frå 2022 og fire år framover har som hovudtema Barns psykososiale miljø, sett i samanheng med språk og leik.

[Link til heimesida](#)

Årsplan

Alle barnehagar er pålagt gjennom lov og rammeplan å lage ein eigen årsplan som skal oppdaterast eller fornyast kvart år. Den skal presentere barnehagen på ein slik måte at det kjem fram korleis personalet jobbar med dei ulike områda i rammeplanen. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen. Den generelle delen av årsplanen er ein eigen del.

Månadsplan

Med utgangspunkt i årsplanen til barnehagen og rammeplanen for barnehagar skal det utarbeidast ein eigen månadsplan for kvar avdeling. Der vil de få oversikt over aktivitetar og målsetjingar knytt til tema

Plan for overgang mellom barnehage og skule

Fjord kommune har utarbeidd ein eigen plan for å sikre at barna får ein god overgang mellom barnehage og skule.

Tieieplikt

Alle som arbeider i barnehagen er pålagt tieieplikt i forhold til informasjon som vedkjem barna, foreldra og personalet.

Politiattest

Alle som blir tilsett i barnehagen må legge fram godkjent politiattest

Opplysningsplikt

Om vi blir kjent med forhold der barns helse eller liv står i fare har barnehagen lovpålagt opplysningsplikt til barnevern.

Tidleg innsats

Tidleg innsats betyr eit godt pedagogisk tilbod frå tidleg småbarnsalder, at barnehagar og skular arbeider for å førebygge utfordringar, og at tiltak setjast inn umiddelbart når utfordringar blir oppdaga. Tiltak kan være å legge til rette innanfor det ordinære tilbodet og/eller ved å sette inn særskilte tiltak.

Grunnlaget for utvikling og læring blir lagt i barnas første leveår. Dersom barna utviklar et godt fundament desse årene, legg ein eit godt grunnlag for ei god utvikling vidare. Det tilbodet barna får i barnehagen og dei første åra i grunnskulen, legg grunnlaget for korleis dei lykkast vidare i utdanning og arbeid. Det er derfor viktig at alle barn får tilgang til eit godt tilpassa pedagogisk tilbod tidleg i livet.

Samarbeidspartnerar

Av og til vil både barnehagepersonell og foreldre vere usikre på korleis vi skal legge til rette for barn på best mogleg måte. Vi i Syltebøen barnehage vil aller først samarbeide med dykk foreldre, men av og til treng vi å rådføre oss med andre. Då er det godt vi har samarbeidspartnerar. Vi kan blant anna tilby samarbeid med: Helsestasjon, fysioterapeut, PPT (Pedagogisk, psykologisk teneste), familierådgiving, barnevern og Fjord kommune si psykiske helseteneste. Slik rådføring skjer i samarbeid med dykk foreldre.

PPT kan også hjelpe oss om det er forhold i barnegruppa som er vanskelege å løyse.

NY I BARNEHAGEN OG OVERGANGAR

Når barnet startar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar til personalet og til andre barn. Når barnet startar i barnehagen skal personalet gi barn og føresette tett oppfølging den første tida, slik at barnehagen blir ein trygg plass for barnet. Ein stad der det er trygt å leike, utforske og lære.

Besøk i barnehagen/Oppstartssamtale

Når barnet har fått plass i barnehagen vil det få eit velkomstskriv frå avdelinga det skal vere på. Det inneheld informasjon om korleis ein kan førebu seg til barnehagestart.

Barnet blir invitert til eit besøk i barnehagen ca. ein måned før oppstart. Dei besøker avdelinga der dei har fått plass. Barn og foreldre får møte nokre av personalet og borna som skal vere på avdelinga. Under dette besøket vil de også få tid til ein samtale med personalet der dei kan gi informasjon til barnehagen og spørje om det er noko de er usikker på.

Tilvenning ved oppstart

Før oppstartsdagen blir føresette kontakta av barnehagen for å avtale tidspunkt for oppmøte første barnehagedag. Barnet får tilbod om å vere i barnehagen nokre timar saman med føresette. Kor lang tilvenningstid eit barn treng vil variere, så etter den første dagen lagar vi ein avtale for neste dag. Å bruke god tid på denne prosessen vil alltid lønne seg. Sjå meir om dette i informasjonsskrivet «Ny i barnehagen»

Etter eit par veker vil de få tilbod om ein samtale. Der vil vi snakke om korleis vi opplever at den første tida til barnet har vore og korleis vi kan legge til rette for barnet på best mogleg måte i tida framover.

Overgangar i barnehagen

Det skjer overgangar i løpet av barnehetida òg. Dei fleste overgangane er om hausten, men av og til er det også nødvendig å gjere endringar på barnegruppene midt i året. Å bytte avdeling kan også vere ein krevjande prosess for barnet, då kvardagen blir endra. Personalet skal sørge for at barnet får tid til å bli kjende med barn og personale på den nye avdelinga, men ein må like vel vere budd på reaksjonar frå barnet når endringa skjer.

Overgang mellom barnehage og skule

Siste året barnet går i barnehagen startar vi i god tid å førebu barnet til skulestart. Dette for å skape tryggleik og kjennskap til skulen og skulefritidsordninga (SFO). Vi ynskjer at barnehetida skal avsluttast på ein god måte. Samstundes vil vi lage ein god overgang til barna skal byrje på skulen. For meir detaljert oversikt for dette arbeidet viser ein til ” Plan for overgang frå barnehage til skule i Fjord kommune” og «Plan for pedagogisk førskulearbeid»



BARNEHAGENS INNHALD

Innhaldet i barnehagen skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der fokus på omsorg, leik, danning og læring ligg til grunn.

Omsorg

I Syltebøen barnehage skal dei tilsette møte barna med omsorg i alle situasjonar i kvardagen: under leik, i stell, måltid og påkledning. Omsorg har verdi i seg sjølv. Omsorg vil seie å vere tilgjengeleg og vere til stade fysisk og psykisk. Dei vaksne skal vere den trygge hamna, og den som støttar og oppmuntrar til utfordring og meistring.

Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonar mellom barna, og mellom barn og vaksne. Det å kunne gje og ta i mot omsorg utviklar sosial kompetanse, noko som er svært viktig for barnet si livsmeistring.

Leik

Leik er ikkje berre leik, det gir glede og er barnas viktigaste arena for læring. Syltebøen barnehage brukar dagleg både samansette og spontane leikegrupper for å skape ro og tryggleik i leik. Dei vaksne si rolle er å være deltakande, observatørar eller å hjelpe og støtte barna i sin leik.

Danning

Danning er eit omgrep som beskriv menneskets personlegheit, oppførsel og moral. Danning fokusera på individets evne og plikt til å forme seg sjølv. Barnehagen skal støtte barna til å vere nysgjerrige og legge grunnlaget for at dei skal bli modige, sjølvstendige og ansvarlege deltakarar i fellesskapet.

Personalet i Syltebøen barnehage skal vere ein god samtalepartner, samhandlingspartner og rettleiar ovanfor barna. Det handlar om å vise at ein er interessert i og høyre kva barna har og seie og stille gode spørsmål. Det viktigaste i danningprosessen er å utvikle god sjølvfølelse – og gjennom den kunne forstå både seg sjølv og andre. Den viktigaste læringa som skjer i barnehagen, er det barna lærer ved å vere saman. Dei lærer både seg sjølv og andre å kjenne.

Læring

Læring i barnehagen skjer i det daglege samspelet mellom menneske og miljøet, og er nært knytt saman med leik, omsorg og danning. Læringa skjer i både uformelle og meir formelle situasjonar. Barnet skal møtast med ros, oppmuntring og støtte frå den vaksne, noko som gir tryggleik, sjølvkjensle og gode læringsopplevingar for barnet. Vennskap og tilrettelegging for gode relasjonar i barnehagen er ein føresetnad for læring. Alle skal oppleve meistring og få utfordringar som er tilpassa det einskilde barn.

Formelle læringssituasjonar er ofte leia og førebudd av den vaksne i barnehagen, der ein har eit mål med aktiviteten. Døme på slike situasjonar er temasamling, garderobesamling, arbeid med fagområda, språkgrupper og i matlaging.

Dei uformelle læringssituasjonane finn stad gjennom heile dagen i samspelet mellom barn- barn, og barn-vaksen. I garderobesituasjonar, under rydding, måltid og leik er det til ei kvar tid dialog mellom vaksne og barn – der erfaringar utvekslast og læring skjer.

Måten den vaksne møter barnet på i læringssituasjonane er avgjerande for læringsutbyttet til barnet.

Miljø

I rammeplanen under fagområdet «Natur, miljø og teknologi står det at vi skal «fremje barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfald og bidra til berekraftig utvikling».

Personalet i Syltebøen barnehage skal lære barna å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Vi skal leggje til rette for at barna kan få gode naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik og læring gjennom heile året. Barna skal få kunnskap om korleis vi held naturen rein og om dyr og dyreliv.

Syltebøen barnehage er miljøfyrtårn. I barnehagen er vi opptatt av å ha gode rutinar saman med barna. Vi kjeldesorter og har samlingar omkring tema miljø.

Juni

- Sommarfest med sjukeheimen
- Besøksdagar for nye barn og barn

Juli

- Sommar
- Sommarfest for barn og foreldre

August

- Tilvenning av nye barn.
- Sosialt samspel

September

- «Alarmen går»- vi har om AMK
- Brannvernsveke 38 med meldt brannøving.

Oktober

Haust

Storbarn:Trafikk

Haustfest fredag 25. okt.

November

- Kroppen: «Kven er eg og kven er du»?

Desember

- Advent og juleførebuingar
- Nissemarsj og julegraut onsdag 4. des.
- Julegløgg for føresette torsdag 12. des.
- Gang rundt juletreet ute og besøk av nissen tirsdag 17. des.

Januar

- Avdelingsbestemt prosjektarbeid

SYLTEBØEN

BARNEHAGE

2024/2025

SAMAN I LEIK, UNDRING, MEISTRING OG LÆRING

Mai

- Miljø og naturen om våren
- 17.mai førebuingar
- Umeld brannøving

Mars

«Her i Kardemommeby» - songar og forteljingar frå Torbjørn Egner

Barnehagedagen 11.3

Februar

«Her i kardemommeby» - songar og forteljingar frå Torbjørn Egner

Samefolkets dag torsdag 6.2

Karneval mandag 24.2

Solfest onsdag 19.2

April

- Vår
- «Frå jord til bord»
- Påske
- Påskefrukost tysdag 15.4

FAGOMRÅDA TIL BARNEHAGEN

Fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse.

Kommunikasjon, språk og tekst

Barna skal få utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Barna skal møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, reglar, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid.

I Syltebøen barnehage inneber det:

1 og 2 åringen:

- Avdelinga har tilgjengelege biletbøker som er tilpassa alder og utvikling
- Lytte til lydar og rytme i språket
- Song, høyre forteljingar og blir lest for
- Vaksne som hjelper borna til å setje ord på kjensler
- Vaksne som tolkar deira signaler og kroppsspråk
- Bruk av alternativ språkleg kommunikasjon (ASK) som teikn til tale og bilete

3 og 4 åringen:

- Avdelinga har tilgjengelege biletbøker som er tilpassa alder og utvikling
- Oppleve glede ved å bruke språket og bli lest for
- Barna får støtte til å samhandle språkleg
- Utvide ordforrådet og omgrepsforståing gjennom samtale og ASK
- Leik med språket
- Bruk av song, musikk, rim/regler og rytme
- Å prøve å øve inn rett blyantgrep

5 åringen:

- Avdelinga har tilgjengelege biletbøker som er tilpassa alder og utvikling
- Vaksne som støtter og rettleier barna i leiken og i samhandlingar og tilfører barna nytt språk
- Skape interesse for samheng mellom språk, tekst og bilete
- Få kjennskap til symbol som bilete, tal og bokstavar
- Få erfaring med digitale verktøy
- Bruke dramatisering som metode for å gi barna erfaring til leik
- Bruk av song, musikk, rim/regler og rytme
- Barna blir gjort merksame på språklydar
- Bruk av ASK

Kropp, rørsle, mat og helse

Barna skal få oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader. Barna skal bli kjent med kroppen sin og bli bevisst på sine egne og andre sine grenser.

I Syltebøen barnehage inneber det:

1 og 2 åringen:

- Vaksne som støtter barnas utvikling ved å gi dei grunnleggjande motoriske utfordringar der dei utviklar seg og føler meistring.
- Øve på å vaske hendene, ete og drikke på eigenhand og rydde etter måltidet
- Øve på å kle av og på seg sjølv
- Vise interesse for eigen kropp og sette ord på ulike kroppsdelar
- I vareta barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og kvile.
- Eit godt psykososialt barnehagemiljø der vi har nulltoleranse for mobbing og utestenging

3 og 4 åringen:

- Oppleve meistringsglede gjennom allsidige kroppslege utfordringar og støtte barnas utvikling av kontroll, både i leik og samhandling
- Øve på å bli sjølvstendig når det gjeld handvask, i toalettsituasjonen, av- og påkledning og måltid
- Opplev eit variert kosthald, tar del i matlaging og vert oppmoda til å smake på ny mat
- Opplev aktivitetar som utfordrar og stimulerer barnas ferdigheiter
- Bruke uteområdet allsidig og leggje til rette for turar med ulendt og variert terreng
- Gode opplevingar gjennom meistring
- Eit godt psykososialt barnehagemiljø der vi har nulltoleranse for mobbing og utestenging

5 åringen:

- Oppleve meistringsglede gjennom allsidige kroppslege utfordringar og støtte barnas utvikling av kontroll, både i leik og samhandling
- Gi barna kjennskap og kunnskap om menneskekroppen
- Oppleve eit variert kosthald, ta del i matlaging, både inne og ute, og verte oppfordra til å smake på ny mat og vere nysgjerrig
- Vise respekt for andre sine fysiske grenser i leiken
- Oppleve aktivitetar som utfordrar og stimulerer barna sine ferdigheiter
- Bruke uteområdet allsidig og leggje til rette for turar med ulendt og variert terreng
- Barna skal få utvikle seg til å bli meir sjølvstendig.
- Øve på å få kontroll på eige utstyr og kle.
- Eit godt psykososialt barnehagemiljø der vi har nulltoleranse for mobbing og utestenging

Kunst, kultur og kreativitet

Barna skal få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike formar og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape egne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barna skal møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar.

I Syltebøen barnehage inneber det:

1 og 2 åringen:

- Opplive formidling av eventyr, forteljingar og historier
- Motivere barna til å uttrykke seg og bli kjent med musikk, dans og drama
- Vaksne som legg til rette for positive prosessar og ikkje det ferdige produktet
- Leike med måling, teikning og tredimensjonale materialar.
- Opplive skaparglede og stoltheit over eigen deltaking

3 og 4 åringen:

- Bruker fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- Bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
- Kjenner seg glade og stolte over si eiga kulturelle tilhøyrslar
- Synleggjere og skape estetiske dimensjonar i inne- og uteromma i barnehagen
- Motivere barna til å delta og uttrykke seg gjennom musikk, dans og drama

5 åringen:

- Gi barna tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene
- Får arbeide med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd inne og ute
- Bruke ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
- Bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- Uttrykke seg gjennom musikk, dans og drama

Natur, miljø og teknologi

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barna skal få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Fremje barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfald og bidra til berekraftig utvikling.

I Syltebøen barnehage inneber det:

1 og 2 åringen:

- Barna skal få bli glade i naturen, få erfaringar og opphalde seg i naturen ulike årstider
- Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- Få kunnskap om dyr og dyreliv
- Ta i bruk alle sansane i utforsking av materiell vi finn i naturen

3 og 4 åringen:

- Barna skal få bli glade i naturen og får erfaringer med naturen som fremmer evne til å orientere seg og oppholde seg i naturen til ulike årstider
- Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- Få kjennskap om dyr og dyreliv
- Få kjennskap til naturen, lære av naturen og utvikle respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- Jobbe dagleg med å resirkulere avfall, lære kva som kan kastast/resirkulerast

5 åringen:

- Få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen
- Ta vare på naturen og ikkje kaste frå seg søppel
- Jobbe dagleg å resirkulere avfall, lære kva som kan kastast/resirkulerast
- Bruke naturressursane med fornuft, som for eksempel straum, vatn, papir og mat.
- Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- Få oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover
- Få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lære om naturen og utvikle respekt og forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- Få kjennskap til livssyklusen til mennesket

Mengd, rom og form

Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Barna skal stimulerast til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.

I Syltebøen barnehage inneber det:

1 og 2 åringen:

- Bruker leikemateriell med former, mengder og størrelsar
- Har leikekasser som stimulerer til sortering
- Undersøker og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterer dei på ulike måtar
- Bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing, både inne og ute

3 og 4 åringen:

- Vaksne som er bevisst på å bruke matematiske omgrep i kvardagen
- Undersøker og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterer dei på ulike måtar
- Erfarar og samanliknar storleikar i omgjevnadane
- Tilrettelagte leike- og læringsmiljø der barna får erfaring med mengd, rom og form og kan utforske og eksperimentere.

5 åringen:

- Undersøker og får erfaring med å løyse matematiske problem og opplever glede ved matematikk
- Leikemateriell og spel som omhandlar former, mengd og teljing
- Vaksne som er bevisst på kvardagsmatematikk og å bruke matematiske omgrep i kvardagen
- Barna blir utfordra og får erfaring med å løyse matematiske oppgåver i kvardagen og opplever glede ved matematikk

Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverd og levesettet til andre menneske.

I Syltebøen barnehage inneber det:

1 og 2 åringen:

- Bli kjende med grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon
- Utøve respekt og interesse for kvarandre
- Barna får undre seg
- Bli kjent med ulikskapar og likskapar i eit fellesskap

3 og 4 åringen:

- Får kunnskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og bli kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnegruppa
- Utviklar respekt og interesse for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap
- Får forståing for at vi er ulike og har ulike måtar på leve livet på
- Lære å løyse konflikhtar på ein god måte

5 åringen:

- Får kunnskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og bli kjende med religionar og livssyn som er representere i barnegruppa
- Får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar
- Utviklar respekt for kvarandre, forstår verdien av ulikskapar og viser omsorg for kvarandre i eit fellesskap
- Vaksne som er med å utvikle ein «eg lurar på» kultur.

Nærmiljø og samfunn

Barna skal bli kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barna skal få kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke. Delta i eit demokratisk samfunn

I Syltebøen barnehage inneber det:

1 og 2 åringen:

- Bli kjent med barnehagen, området rundt og nærmiljøet
- Ta aktiv del i fellesskapet på avdelinga
- Viser trivsel og trygghet i barnehagen
- Markerer lokale og nasjonale merkedagar
- Få erfaring med brannvern, politi og ambulanseteneste

3 og 4 åringen:

- Utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt
- Blir kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer
- Markerer lokale og nasjonale merkedagar
- Få erfaring med brannvern, politi og ambulanseteneste

5 åringen:

- Få kjennskap til at vi bur i Valldal og Fjord kommune
- Blir kjende med lokalhistorier og lokale tradisjonar
- Utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet
- Lære å orientere seg i lokalsamfunnet
- Bli kjent med tradisjonar og ulike familieformer
- Bli kjent med samisk kultur
- Deltar på ulike markeringar som held til i barnehagen og i samfunnet
- Få erfaring med brannvern, politi og ambulanseteneste

PLANLEGGING, VURDERING OG DOKUMENTASJON

Planlegging

Barnehagen er forplikta til å grunnje, planlegge, vurdere og dokumentere at det pedagogiske arbeidet er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Planane er styrande arbeidsreiskap for personalet, og er også tilgjengelege for foreldre og andre interesserte. Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet. Alle planar må brukast på ein fleksibel måte slik at vi kan være spontane og ivareta barnas interesser og ønskjer, og på denne måten bidra til barnas medverknad.

Vi planlegg det pedagogiske arbeidet ved å bruke halvårsplanar/temaplanar. Der vil dei pedagogiske måla knytt til fagområda i rammeplanen kome tydelegare fram.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske til tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen er for alle, og alle skal få eit pedagogisk tilbod som er tilpassa behov og føresetnadar både fagleg og sosialt. Av og til vil barn trenge spesiell tilrettelegging i kortare eller lengre periodar. Føresette har rett til å krevje ei sakkyndig vurdering der det blir vurdert om barnet treng spesialpedagogisk hjelp.

Progresjon

Kvart enkelt barn er i utvikling og skal oppleve framgang. Dei skal møte utfordringar, mestre og strekke seg. Progresjonen må derfor verte tilpassa det enkelte barn. Det skal være progresjon i arbeidet i forhold til alder og utviklingsnivå. Vi skal legge til rette for varierte leike-, aktivitet- og læringsmoglegheiter, og personalet skal hjelpe barnet i prosessen med å nå eit nytt utviklingsnivå.



Digital praksis

Vår digitale praksis skal bidra til barnas leik, kreativitet og læring. Ved bruk av digitale verktøy skal personalet være aktive saman med barna. Og gje dei felles referansepunkt som dei kan ta med seg i anna leik. Samtidig skal det brukast med forsiktigheit og ikkje dominere som arbeidsmåte. Vi skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei byrjande etisk forståing knytt til digitale medium. Vi skal utøve bevisst og variert bruk.

Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Hovudmålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Det skal vere tilrettelagt det enkelte barn men også barnegruppa. Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Refleksjonane kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. På denne måten kan personalet lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd.

Dokumentasjon

Rammeplanen fastslår at dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet inngår som en viktig del av barnehagens arbeid. Dokumentasjon gir foreldre og personalet betre innsikt i barnas barnehagekvardag og læring.

Dokumentasjon er viktig for å synleggjere kunnskapsprosessen og det pedagogiske arbeidet vi gjennomfører i barnehagen. Dokumentasjon kan vere observasjonar, planar og evalueringar, men også forteljingar, bilete, film, og andre estetiske uttrykk som teikningar, måleri, tredimensjonale uttrykk og andre kreative produkt. Dette kan vere skapt av barna åleine, eller med hjelp frå vaksne. Dokumentasjon frå barnehagen gjev foreldre/føresette, lokalmiljø og eigar informasjon om kva barnet opplever og lærer i barnehagen. Dokumentasjonen er eit godt utgangspunkt for refleksjon og evaluering av vårt arbeid saman med barna.

KOMPETANSEUTVIKLING: Rekomp og kompetanseløftet

§42 i barnehagelova heiter: «Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø»

Barnehageåret 2023/24 hadde vi som tema i REKOMP «Barnehagen sitt arbeid med å førebygge, avdekke, stoppe og følgje opp mobbing og utestenging». Vi valde då å arbeide med å utvikle personalrolla. Vi starta med å sette oss inn i kva Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar seier om tema, Vi arbeidde for å få «Frå undring til tiltak» som ei fast prosedyre på alle møta våre. Dette som eit tiltak for å tidleg avdekking. Vi gikk inn på viktigheita av å bygge relasjonar med barna og viktigheita av at alle barn har minst ein vaksen dei har ein god relasjon til. vi gjekk inn på dei ulike vaksenreollene med den autoritative vaksenrolla som mål. Korleis er vi trygge vaksne for barna? Vi tok i bruk trygghetssirkelen frå COS og såg på korleis vi kan opptre som personal for å nå måla i den.

Dette barnehageåret skal vi halde fram med vaksenrolla, men vi skal spesifisere utviklingsarbeidet inn mot kva rolle vi vaksne kan ha i leik for å skape eit trygt og inkluderande psykososialt læringsmiljø. Då arbeider vi med eit felles utviklingsarbeid som omfattar både REKOMP (utviklingsarbeid i samarbeid med UDIR, Høgskulen i Volda og barnehagane) og Kompetanseløftet.

Dei første aksjonane våre er under tema ASK (alternativ, supplerande kommunikasjon). Her vi vi heve kompetansen på teikn til tale og bruk av bilete som støtte i språkutvikling og kommunikasjon og bruke dette bl.a. i leik med barna.

BARNEHAGERUTE FJORD KOMMUNE 2024/2025	
August	Studiedag for personalet måndag 6.8 Første barnehagedag tysdag 7.8
September	Studiedag ReKomp 30.09
Oktober	
November	
Desember	Behovsprøving 27.12 og 30.12
Januar	Studiedag torsdag 2.1.
Februar	
Mars	Studiedag fredag 14.3
April	Behovsprøving måndag 14.4 og tysdag 15.4 Onsdag 16.4 – dagen før skjærtorsdag er barnehagen stengt
Mai	Studiedag fredag 30.5
Juni	
Juli	Feriestengt veke 29,30 og 31.
August	Planleggingsdag for barnehageåret 2024-2025 måndag 4.8. Første barnehagedag tysdag 5.8



**"Jeg skulle ønske dagens barn
lekte mer enn de gjør.
For den som leker som liten
får en rikdom inni seg
som man kan øse av hele livet.
Man bygger opp en varm, hyggelig
verden inni seg.
En verden som gir styrke om livet blir vanskelig.
Et sted man kan ty til i motgang og sorg."**

(Astrid Lindgren)